



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 16/148025-2	Dykkar referanse: 14/7484 – 16/25203	Vår dato: 09.11.2016
------------------------------------	--	-------------------------------	--	-------------------------

Merknad til 1. gangs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Åsgard småbåthamn – gnr 22 bnr. 6 m. fl. i Lindås kommune

Vi viser til brev av 26.09.2016 om offentleg ettersyn av reguleringsplan for Åsgard småbåthamn gnr. 22 bnr. 6 m. fl. i Lindås kommune.

Hovudføremål med planarbeidet er å leggje til rette for småbåthamn med flytebrygger og andre fasilitetar, oppgradering av lagerbygg, etablering av parkeringsplasser, nokre bustader og naust, samt badeplass med tilhøyrande friområde.

I vår uttale til oppstart bad vi om at heile den kommunale vegen og kryss med fylkesveg 395 vart innlemma i planområdet, slik at ein kunne vurdere trafikksikringstiltak. Statens vegvesen finner det uheldig at dette ikkje er gjort, og at tilhøva i krysset med fylkesveg 395 ikkje er vurdert. Tilrettelegging av småbåthamn, bustader, naust, parkering og friområde vil skape ny trafikk, både myke trafikantar og køyrande, og det vil etter vårt syn vere trong for trafikksikring.

Krysset med fylkesveg 395 har dårleg geometri, og siktilhøva er ikkje i tråd med dagens krav. Sjå bilete på neste side. Statens vegvesen meiner difor at det er trong for trafikksikringstiltak i krysset før utbygging vert tillate. Vi ber om at det vert innarbeidd eit rekkeføljekrav om at sikten i krysset skal utbetrast i tråd med krava i handbok *N100 Veg- og gateutforming*, før det vert gitt igangsetjingsløyve for tiltaka regulert i planen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø



Statens vegvesen Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN